



Rivinga av den gamle lina (til venstre på biletet) er no i gang i Musland-området

**SKL er no i ferd med å fjerna den eine av to parallelle 66 kiloVolts kraftliner i det regionale nettet gjennom distriktet.  
Det gjeld den gamle lina frå Langeland på Tysnes via sjøkabel til Herøysund og vidare via Uskedalen til Matre.**



[Ingenting skjer førebels med sekundærstasjonen.](#)

Denne lina treng dei ikkje lenger då dei har svært god dekning med den parallelle lina og andre liner. Administrerende direktør Asbjørn Tverdal i SKL Nett opplyser at dei kjem til å bruka noko tid på denne jobben. Dei gjennomfører den i rolegare periodar når dei ikkje har så mykje anna og presserande på arbeidsplanen. Men lina på strekninga frå Herøysund til Matre vil truleg bli fjerna dette året.

Tverdal opplyser at dei ikkje treng denne lina lenger både fordi det går ei nyare line ved sida av ho og fordi dei har så god og solid forsyning ellers via det regionale kraftnettet i området.

Linje-rivinga pågår no i Musland-området.

Fleire spør om noko skal skje med sekundærstasjonen i samband med linjenedbyggjinga, men SKL opplyser at det i utgangspunktet ikkje skal skje noko som helst.

I alle fall avheng stasjonen sin framtid av kva som skjer i Kvinnherad totalt sett. Eit moment er kva som kjem til å skje med utbyggjing av småkraftverk i Uskedalen og dermed behovet for stasjonen. Det er førebels eit svært uvisst tema i vår dal.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen